



Akvator AS  
Kunnskapshuset  
5417 STORD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2293 - 17/18819

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
23.06.2017

## Ferdigattest rivingsarbeider - gbnr 229/6 Skår

### Administrativt vedtak. Saknr: 288/17

**Tiltakshavar:** Lerøy Vest AS

**Ansvarleg søkjar:** Akvator AS

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at arbeidet er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 28.07.2016. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.05.2017.

### Skildring

Adresse:	Bjørsvikveien 137
Tiltak:	Industribygg, del av kai, konstruksjonar m.m.
Bruksareal:	Ca 450m <sup>2</sup> (3 bygg)

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av 3 bygg, betongkai, 14 stk. utvendige fiskekar av ulik storleik og teknisk utstyr, mellom anna 2 dieseltankar, på gbnr 229/6.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.



Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2293

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lerøy Vest AS

Bekkjarvik

5397

BEKKJARVIK

**Mottakarar:**

Akvator AS

Kunnskapshuset

5417

STORD